



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 02.04.2014

Sak nr.: 13/4617-13

Internt l.nr.: 10819/14

Sak: 31/14

Tittel: Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Sogndal kommune - Sogndalspakken

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Tverrdøla, Tverrdalselvi, Botna, Mundalselvi og Fardalselvi kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon på slike vilkår:
 - 1.1. For Tverrdøla kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 90 liter/sek.
 - 1.2. For Tverrdalselvi kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 250 liter/sek.
 - 1.3. For Botna kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 30 liter/sek.
 - 1.4. For Mundalselvi kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 460 liter/sek.
Ei alternativ løysing kan vere å flytte kraftstasjonen 500 meter oppover langs elva.
Rørgata frå inntaket i Botnagrovi må gravast ned/ dekkast til.
 - 1.5. For Fardalselvi kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 160 liter/sek.
Kraftstasjonen skal plasserast og utformast slik at fossen som landskapselement ikkje vert direkte påverka/endra.
2. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Jakopbakka og Skeidsflåten kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er lagt vekt på at Oksafossen er eit viktig landskapselement, at det går ei turrute forbi fossen, at øvre deler av tiltaksområdet er svært skredutsett og at kraftstasjonen er planlagt like ved Bøyafjellstølen. Om det skal gjennomførast ei utbygging i elva, må inntaket flyttast til ein høveleg stad nedstrøms Oksafossen og kraftstasjonen må plasserast lenger frå Bøyafjellstølen. Det er lagt vekt på ulempene som Skeidsflåten kraftverk ville ha ført med seg i høve til kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet. Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Skeidsflåten småkraftverk.

For utbygginga vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Fardal småkraftverk.

For utbygginga vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla-, Botna- og Jakobbakka småkraftverk.

For alle utbyggingane vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

For Tverrdalselvi småkraftverk vert konsesjon gitt under føresetnad om at det vert gjennomført tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød. Kraftleidning over Bøyaelvi skal om mogleg erstattast med jordkabel.

For Jakobsbakka småkraftverk vert det sett krav om at kraftstasjonen vert flytt lenger mot sør og lenger vekk frå Bøyastølen (til alternativ plassering synt på høyringsmøte).

Avrøysting:

Framlegga frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

**Noralv Distad gjekk frå som ugild ved handsaming av Skeidsflåten småkraftverk.
Karen Marie Hjelmeseter gjekk frå ugild ved handsaming av Fardalselvi småkraftverk.**

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Skeidsflåten småkraftverk.

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Skeidsflåten småkraftverk.

For utbygginga vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

Fardal småkraftverk.

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Fardal småkraftverk.

For utbygginga vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla- , Botna- og Jakopbakka småkraftverk.

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at det vert gitt konsesjon for Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla- , Botna- og Jakopbakka småkraftverk.

For alle utbyggingane vert det sett krav om at anleggsperioden vert lagt utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

For Tverrdalselvi småkraftverk vert konsesjon gitt under føresetnad om at det vert gjennomført tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød. Kraftleidning over Bøyaelvi skal om mogleg erstattast med jordkabel.

For Jakobsbakka småkraftverk vert det sett krav om at kraftstasjonen vert flytt lenger mot sør og lenger vekk frå Bøyastølen (til alternativ plassering synt på høyringsmøte).